



Børre Jensen
Lønborglien 226
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3145 - 14/18886

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
09.12.2014

Godkjenning- Søknad om oppføring av parkeringsplass og veg fram til fritidsbustad på Gbnr 36/125 Ripleviken

Administrativt vedtak. Saknr: 350/2014

Tiltakshavar: Børre Jensen

Ansvarleg søkjar: Egil Gripsgård
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 04.07.2014 og manglande dokumentasjon motteke 02.12.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av parkeringsplass og tilkomstveg fritidseigedommar på gbnr. 36/125 på Nordre Ådland i Meland kommune.

Dispensasjon for tiltaket er gjeve i UDU- vedtak 89/2014.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Det er gjeve dispensasjon for bygging av veg og parkeringsplass i UDU- vedtak 89/2014.

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla saman med dispensasjonssøknaden 29.04.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr. 36/132 og gbnr. 36/3 om løyve til bygging av veg på deira eigedom.

Det ligg føre erklæring frå Egil Gripsgård om løyve til å krysse privat vann og avlaupsleidning.

Utforming, utsjånad og plassering:

Kommunen vurderar at omsøkt tiltak har forsvarleg linjeføring og plassering i landskapet, og er i samsvar med Pbl §§ 29-1, 29-2 og 30-4.

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart og terrengprofilar motteke 04.07.2014.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Gripsgård Egil Org. Nr. 970054758 Sentral godkjenning	SØK/PRO/UTF tkl 1 Fagområde: Heile tiltaket

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av parkeringsplass og veg fram til fritidseigedom på gbnr. 36/125 i samsvar med søknad motteke 04.07.2014 og 02.12.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla godkjent 09.12.2014. Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt..

Løyvet fell bort dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaka vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9. Tiltaka skal elles utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven, så fram det ikkje er gitt unntak.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova og veglova, og etter delegert løyve frå rådmannen..”

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

36125egilgripsgård

Mottakere:

Børre Jensen
Egil Gripsgård

Lønborglien 226 5039
Riplevikvegen 22 5918

BERGEN
FREKHAUG